

# ÅRSMELDING 2004

## 1. STYRET

### Før årmenningsvalet 22. april 2004:

Alf Simenrud (2000 - 2004) – leiar (sjukefråver)  
Endre Amundgård (2000 - 2004) – nestleiar (fungert som leiar)  
Jørn M. Joramo (2000 - 2004)  
Odd Kronberget (2002 – 2006)  
Birger Brækken (2002 –2006)  
Bjørn Idar Selsjord (2002 – 2006)  
Ole Dagfinn Brenna (varamedlem 2000-2004, har møtt fast)

### Nytt styre etter valet:

Endre Amundgård (2004 – 2008) – leiar  
Birger Brækken (2002 – 2006) – nestleiar  
Odd Kronberget (2002 – 2006)  
Bjørn Idar Selsjord (2002 – 2006)  
Jørn M Joramo (2004 – 2008)  
Reidar Brækken (2004 – 2008)

Odd Kronberget har vore ålmenninga sin representant i Dovre elgutval.  
Det er halde 11 styremøte og 52 saker er behandla. Årsmøte med val vart halde på Joratunet 22 april med ti frammøtte.  
Styret har vore på fleire befarings i samband med saker som har vore behandla. Mellom anna er alle setergrendene besøkt i løpet av året.

## 2. KONTORET

Narve Tveiten er tilsett i 50% stilling som årmenningsstyrar. Kari Lothe er tilsett i 10% stilling som kontormedarbeidar.

## 3. BRUKSRETT

Pr. 31.12.2004 var det 115 bruk i Lesja og 51 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmenning, i alt 166 bruk. Det er same tal bruk som året før.

Det er innvilga kr 112.462 i bruksrettfordel (35% av dokumenterte materialutgifter som før). Det er utvist ved til 28 bruksrettshavarar. 9 fekk utvist massevyrke og 19 fekk hogst på rot.

### Oversyn over beitebruk (fjorårstal i parentes):

546 (525) søyer og 961 (867) lam frå 7 (7) eigarar har gått på beite i ålmenninga. 31 (33) søyer og 101 (109) lam gjekk tapt. Tapsårsak: 31 dyr i køyrt i hel av toget, resten i hovudsak drepe av rovvilt (jerv og ørn). 88 (113) storfe frå 5 (6) eigarar har beita i ålmenninga, ingen er tapt.

## **4. SKOGENS DRIFT**

### **4.1. Skogkultur**

#### Planting

Det er sett ut 3190 furuplanter på hogstfelt fra 1995/-96 mellom Gardsendbekken og Kubåsranden voktarbolig og på hogstfelt ved helikopterbasen.

Kostnad: kr 4,33 pr. plante (kr 345 pr. da)

#### Markbereing

Det er markbereidd ca 40 da på hogstfelt fra 2002/ -03 ved Hindåvegen.

Kostnad: kr 163 pr da.

### **4.2. Tømmerdrift sesongen 2002/-03.**

#### Gjennomhogst i Brennhaugen/Svartholo:

##### **Inntekter**

<b>Sort</b>	<b>Volum m3</b>	<b>%</b>	<b>Snittpris</b>
Prima skur	34,87	3	496,30
Sekunda skur	345,12	31	297,22
Utlegg	27,47	3	160,25
Vrak	6,77	1	0,00
Stolp toppmålt	1,30	0	250,00
Sagtømmer toppmålt	222,33	21	345,64
Massevyrke	434,40	40	185,00
Laft toppmålt	12,27	1	418,91
<b>Brutto totalt</b>	<b>1084,53</b>	<b>100</b>	<b><u>264,59</u></b>

##### **Utgifter:**

Driftsutgifter	1077,76	143,00
Måleutgifter	648,72	4,43
<b>Sum utgifter</b>		<b><u>144,76</u></b>
<b>Rånetto</b>		<b><u>119,83</u></b>

## **5. JAKT**

### **5.1 Elg- og hjortjakt**

#### Kvote/jaktresultat:

##### Fjellfeltet:

Lag: Lars Engen

Kvote: 1 yngre ukse, 1 kalv/ungdyr og 1 hjort.

Felling: 2 eldre uksar (176 kg/ 170 kg).

##### Skogfeltet:

Lag: Ingmar Groven

Kvote: 1 eldre ukse, 1 kalv/ungdyr og 1 hjort.

Felling: 1 eldre ukse (210 kg) og 1 ung kolle (119 kg).

## **5.2 Småviltjakt**

Kortsal fordelt på korttype og jegerkategori:

	Utanbygds:	Innanbygds:	Bruksrett:	TOTALT:
Sesongkort med hund	27	1	5	33
Sesongkort utan hund	10	4	5	19
3-dagars kort med hund	3	3		6
3-dagars kort utan hund	3			3
<b>SUM</b>	<b>43</b>	<b>8</b>	<b>10</b>	<b>61</b>

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal for 2003 i parentes):

Hare: 13 (14) stk. på 52 (63) jaktdagar fordelt på 14 (10) jegerar.

Rupe: 293 (237) stk på 168 (170) jaktdagar fordelt på 42 (32) jegerar.

Kommentarane frå jegerane tyder på at bestanden av rupe var middels god/god.

## **5.3 Reinsjakt**

SNØHETTA:

Kvote: 1 fritt dyr, 1 kluftbukk, 4 simle/ungdyr og 2 kalvar.

Felt: 1 vaksen bukk, 1 ungdyr (bukk) og 1 kalv.

RONDANE NORD:

Kvote: 1 simle/ fritt dyr < 40 kg og 1 kalv.

Felt: 1 eldre simle.

## **5.4 Rådyrjakt**

Fire lag søkte om rådyrjakt.

Stålan – 2 dyr: Gunnar Holum. Ingen dyr felt.

Grønbogen – 1 dyr: Rolf Bergseth. Ingen dyr felt.

Kvislan/ Vestsida – 2 dyr: Arild Rolstad. Felt: 1 bukk og 1 geit.

## **5.5 Rovdyrjakt**

Det er skrive ut 2 rovdyrkort for sesongen 2003/2004. I tillegg fekk "Gaupejaktlaget" på Dovre løyve til kvotejakt i Joramø bygdealmenning. Det er ikkje rapportert om fangst av rovdyr.

## **6. ØKONOMI**

Rekneskapen for 2004 syner eit overskot på kr. 83.430.

Resultatet av skogsdrifta for sesongen 2003/ 2004 syner ein rånetto på 120 kroner pr. kbm.

Det svake resultatet skuldast därleg tømmer, med ein slipdel på 40% og berre 3% prima skurtømmer av totalkvantumet. Uttaket av tømmer for sal og til bruksrettved (slip)i rekneskapsåret 2004 er 1.085 kbm. Elles er det attåt dette teke ut om lag 65 kbm bruksrettved som hogst på rot. Totalt ligg dette 120 kbm under balansekvantumet.

Utbetalt bruksrettfordel for 2004 er kr 112.462. Gjennomsnitt for dei tre siste åra er kr 168.390.

Tilgangen på likvide midlar er god. Pr. 31.12.04 var inneståande beløp i bank og kasse kr 493.155. Det er ein nedgang på kr 315.718 i høve til året før. Grunnen til dette er i hovudsak 1) investering i ventilasjonsanlegg kr 229.769, 2) lån til tilsette kr 123.170 og 3) oppstart av byggjing av traktorveg ("Brannsikringsvegen") kr 100.000. Kraftig nedgang i utbetalt bruksrettfordel på kr 110.375 dreg i motsett lei.

Marknadsverdien av aksjane i Norske Skog var kr 437.382 (opp kr 9.903).

Betalbar kortsiktig gjeld pr. 31.12.04 utgjorde kr 90.903.

## **7. VIKTIGE SAKER 2004**

### **7.1 Joramo Utmarksenter**

ANØ Miljøkompetanse/ Norsk Miljøinstitutt flytte inn på Utmarksenteret 1. mars. Dette er eit selskap som tilbyr tenester innan VAR- teknikk (vatn, avløp, renovasjon) og vassdragovervaking. Hovudkontoret ligg på Kjeller. Kontoret på Joramo er førebels ikkje bemanna.

I midten av juli flytte Lesja og Dovre Forsøksring inn på Utmarksenteret. Dei har tidlegare hatt delt kontorløysing (Dovre Ysteri/ Lesja Innkjøpslag). Kontortilsett er Leif Martin Svisdal, Dovre.

Kontorleiga vert justert noko ned frå 01.01.05, og vil ligge på kr 730 pr. kvm. inkl. fellesareal. Det er framleis mogeleg å få til ein kontorplass til ved å flytte kopieringsmaskina ut på gangen. Det minste møteromet er gjort om til kvilerom på grunn av at for liten plass på det gamle. Inngangen til det store møteromet er flytt til det gamle kvileromet/ kjøkenet.

I samband med utbyggjinga av kontorsenteret i 1992 gav Arbeidstilsynet samtykke til utbyggjinga utan at det vart sett krav om ventilasjonsanlegg. Føresetnaden for dette var at alle tilsette ikkje arbeider i bygget meir enn fire timer for dagen, og at alle arbeidstakarane godtok dette. På eige initiativ har årmenninga installert ventilasjonsanlegg for å skape best mogelege arbeidstilhøve for dei tilsette på Utmarksenteret. Ventilasjonsaggregatet har kapasitet til å tåle ei større utviding av bygget. Anlegget er montert av Lillehammer Ventilasjon, og Asbjørn Melhus, Skjåk har vore nytta som konsulent.

Sist i november vart det avgjort at SNO plasserar to nye stillingar på Dombås, og flytt ei stilling frå Otta til Dombås. SNO er tilbode kontor på Joramo Utmarksenter, og årmenninga er førebudd på utbyggjing ved behov. Direktøren i SNO vil likevel overlate til kommunen å finne den beste kontorplasseringa. Det er kjent at ordføraren framleis arbeider hardt for ei flytting av Utmarksenteret frå Joramo til Dombås sentrum. Etter at kommunen prøvde å få til dette for tre år sidan, men gav opp, gjer ein no eit nyt forsøk på å få til ei sentrumsløysing.

### **7.2. Bygging av ny traktorveg på øversida av Dovrebana ("tredje lina")**

Ideen om ein samanhengande traktorveg mellom Steinhovda og Pukkverket, kom etter skogbrannane langs Dovrebanen i 1999 og 2002. Ein slik veg vil vera effektivt vern mot at brannar påsett av tog under nedbremsing, får spreie seg oppover i årmenningeskogen. Vegen vil sjølvsagt og lette utkøyring av tømmer og ved. I samband med planer om nedlegging av planovergangar og undergangar på Dovrebanen, er vil ei forlenging av vegen sørover til Stakstounder gangen kunne erstatte adkomsten via denne undergangen.

Planlagt veg mellom Pukkverket og Stakstounder gangen er ca 4,5 km lang. Etter anbudsrunde fekk Jan Haugen AS oppdraget med bygging av vegen til ein pris av kr 229.240. Ved årskiftet er søre parsellen opparbeidd til Staksto med ei forlenging på ca 400 meter vidare sørover. Denne forlenginga sikrar god adkomst til bjørkeskogarealet innover mot Langmyrin.

Jernbaneverket har gjeve tilskot om anleggstilskot på inntil kr 150.000. Via Skogbruksjefen i Dovre er det motteke kr 65.000 i statstilskot til veganlegget.

### **7.3 Registrering av setre, hytter og andre tekniske anlegg i Joramo bygdealmenning**

I løpet av hausten er alle bygningar og tekniske anlegg som ligg innanfor grensene av verneområda i Joramo bygdealmenning registrerte. Arbeidet er utført av ålmenningsstyraren på oppdrag for Dovrefjellrådet. 72 objekt registrert (ei seter er eitt objekt, likeins hytte med uthus/utedo, vegar, bruer, grustak m.v.). Godtgjersle for arbeidet er kr 200 pr. objekt.

Det er forvaltningmyndigheitane (Fylkesmannen, Dovrefjellrådet, kommunane) og naturoppsynet sitt behov som har utløyst dette. For ålmenningsa tyder det at ein no får eit godt register over over all seter- og hyttebebyggelse. Alle hus er fotografert med digitalkamera, stafesta med kartposisjon og oppmålt. Grønsetre som ligg utanom verneområda vil bli registrert på same vis i 2005, slik at ein da får eit fullstendig register for setre og hytter.

### **7.4 Gave til Lars Berger og familien Enger/Berger.**

På styremøte 18.02. gjorde styret dette vedtak:

”Gjennom sine idrettslege prestasjoner og si åtferd har skiskyttaren Lars Berger representert heimbygda si på ein framifrå måte. Styret for Joramo bygdealmenning set pris på det han, foreldra Kari og Trond og systera Tora betyr for lokalsamfunnet på og omkring Joramo. Som ei påskjøning for dette får familien tilgang til småviltjakt i Joramo bygdealmenning på lik line med bruksrettshavarar og på ubestemt tid.”

Gava vart overrekt Lars Berger på ei tilstelling på Joratunet 20. februar etter den strålande innsatsen under VM i skiskyting i Oberhof, Tyskland.

Joramo Utmarksenter, 6 april 2005

Endre Amundgård  
styreleiar

Jørn Martin Joramo

Odd Kronberget

Birger Brækken

Bjørn Idar Selsjord

Reidar Brækken

Narve Tveiten  
ålmenningsstyrar